

SKYSSREGLEMENT MED KOMMENTARAR VIDAREGÅANDE SKOLE - MØRE OG ROMSDAL

Reglementet fastsett rettigheter, rutinar og praksis for skoleskyssen i vidaregåande skole i Møre og Romsdal.

1 Lovgrunnlag

Skysreglementet byggjer på:

- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova)
- Lov om private skolar med rett til statstilskot (Privatskolelova)
- Forarbeid til lov, rundskriv mv

2 Definisjonar

2.1 «skoleskyss» er den daglege transporten mellom bustad og opplæringsstad.

Kommentar

"Skoleskyssen" (den daglege transporten mellom bustad og opplæringsstad) er knytt til skolen sine ordinære start og sluttider.

Dersom til dømes heile skolen sluttar kl 1300, er dette ordinær sluttid den dagen. Dersom halvparten sluttar kl 1300 og den andre halvparten kl 1500, er kl 1500 å rekne som ordinær sluttid.

Å bringe/hente barn til/frå barnehage/dagmamma er ikkje ein del av skoleskyssen.

Reiser som bortebuande/hybelbuande elevar (bortebuarstipend) utførar mellom hybel og foreldrebustad er ikkje ein del av skoleskyssen

2.2 «skoleveg» skal reknast frå dør til dør (bustad og opplæringsstad) etter kortaste farande veg

Kommentar

"Farande veg" er veg som er open for ferdsel. Som "farande" veg blir og rekna gangvegar og private vegar som er open for almen ferdsel.

Farande" veg er ikkje knytt til ei vurdering av trafikkfarleg veg. Opplæringslova omtalar trafikkfarleg skoleveg berre for grunnskolen.

Ved måling av skolevegens lengde skal fylkeskommunen si digitale berekningsteneste nyttast. Kartgrunnlaget kjem frå Statens Kartverk og er godkjent som måleverktøy ved skoleskyss. Det aksepterast eit slingringsmonn på inntil - 25 meter i høve til utmålt resultat. Utmålt resultat må vise minimum 5 976 meter for å utløyse skysstrett.

Berekningsteneste:

http://www.gislink.no/gislink_skoleskyss/

- 2.3 «bustad» er i utgangspunktet den adressa eleven står oppført med i folkeregisteret. Ved delt omsorg er bustad begge foreldrebustadene. For elevar som har bortebruarstipend er t d hybel bustad. Fosterheim, og avlastningsheim er bustad.

Kommentar

Ved delt omsorg, utdrag brev frå Kunnskapsdepartementet datert 23.12.96:

"Barnet har som utgangspunkt rett til skyss fra begge foreldrenes bosted. I alle tilfeller må dette gjelde når foreldrene har delt daglig omsorgsansvar"

"For i de tilfeller der det kan bli aktuelt at foreldrene selv står for hele eller deler av skyssen, vil kompensasjonen til foreldrene bero på en avtale mellom fylkeskommunen og foreldrene."

Det krevst ikkje absolutt 50/50 deling, men delt omsorg skal vere reell og kunne dokumenterast ved avtale. Elevar har ikkje rett til fri skoleskyss i samband med utøving av samværsordning. Utdanningsdirektoratet har gjort ei vurdering om på grunnskolen sitt område (§ 7-1). Tilsvarande vurdering blir lagt til grunn ved praktisering av delt omsorg i vidaregåande skole:

Utdrag brev frå Utdanningsdirektoratet datert 29. juni 2007 til Fylkesmannen i Østfold:

"Utdanningsdirektoratet mener at barnet kan ha rett til skyss fra begge foreldrenes bosteder etter oppl. § 7-1 også der barnet bor mindre enn halvparten av tiden hos en av foreldrene. I denne sammenhengen vises det til hensynene ovenfor og til ordlyden i § 7 – 1 som ikke oppstiller krav om en konkret omfang. Det må likevel stilles krav om at barnet faktisk har 2 bosteder (delt bosted), dvs. at barnets opphold hos hver av foreldrene er av et visst omfang og har en tilnærmet fast ramme. I motsatt fall vil man ikke kunne si at barnet "bur" hos begge foreldrene, og at oppholdet hos den ene av foreldrene må anses som samvær i form av besøk."

For myndige elevar blir det lagt til grunn den adressa eleven er registrert med i folkeregister.

Fosterheim er å sjå som bustad. Dersom eleven har si heimadresse før omsorgsovertaking i eit anna fylket enn Møre og Romsdal, så er heimfylket ansvarleg for å dekke skysskostnader.

Avlastningsheim for funksjonshemma elevar er bustad.

Elev som har fleire faste bustader i løpet av skoleåret (t d turistbedrift med sesongdrift, stølsdrift), har rett på skyss dersom skyssretten elles er oppfylt. Har bustaden funksjon som ferie- eller fritidsbustad (ikkje fast bustad), har elev ikkje rett på skyss.

Elevar med bortebruarstipend som flyttar heim, får ikkje fri skoleskyss utan å seie opp bortebruarstipendet.

- 2.4 "Opplæringsstad" er i utgangspunktet den vidaregåande skolen eleven er teken inn på. Kan og vere eit lokalt undervisninga mellombels er lagt til. Utplasseringsstad er opplæringsstad.

3 Fylkeskommunen har ansvaret for å organisere skyss for følgjande elevar

3.1 Elevar som har ein skoleveg på meir enn 6 km. (Opplæringslova § 7-2)

3.2 Elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss, har skyssrett utan omsyn til veglengda mellom bustad og opplæringsstad. Skolen/utdanningsavdelinga skaffar og betalar eventuell naudsynt følgjeperson (Opplæringslova §§ 7-3, 7-4,)

Kommentar:

For funksjonshemma elev (varig og mellombels) krevst det erklæring frå lege/sakkunnig for å få ei tilråding om kva transportmåte eleven treng. Dette gjeld og ved vurdering av trong for eventuell følgjeperson. Fylkeskommunen sitt utarbeidde skjema skal nyttast.

- 3.3 Elevar som må nytte båt mellom bustad og opplæringsstad. Skyssretten gjeld utan omsyn til reiselengde (Opplæringslova § 7-2).

Kommentar

Elevar som er avhengige av båt- /ferjeskyss må akseptere ein gangavstand mellom bustad/opplæringsstad og næraste haldeplass/kai på inntil 3 km, jfr. skyssreglementet (6.2)

- 3.4 Elevar ved private vidaregåande skolar, herunder elevar med funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom, har skyssrett på same vilkår som elevar i den offentlege skolen (Privatskolelova § 3-7, Opplæringslova §§ 7-2, 7-3, 7-4).

Kommentar

Skyssansvaret gjeld fram til fylkesgrensa dersom eleven går på privat vidaregåande skole i ein annan fylkeskommune

- 3.5 Elevar heimehørande i Møre og Romsdal som får opplæring i andre fylke, har rett på skoleskyss/skyssgodtgjersle dersom fylkeskommunen har kjøpt gjeste-elevplass i eit anna fylke.

Kommentar

Eleven er sjølv ansvarleg for å sende søknad om skoleskyss/skyssgodtgjersle til samferdselsavdelinga. Eleven må legge ved stadfesting frå utdanningsavdelinga på at skoleplass i anna fylke er innvilga.

Elevar heimehøyrande i andre fylke som går på skole i Møre og Romsdal må søkje skyssrefusjon frå heimfylket.

4 Fylkeskommunen har ikkje ansvar for å organisere skyss for

4.1 Lærlingar

Kommentar

Lærlingar har status som arbeidstakarar og ikkje elevar med rett til skyss etter opplæringslova.

”Lærlingar har ikkje rett til skyss etter lova. Elevar som får slutt opplæring på skole og ikkje i bedrift, framstiller seg til fag- eller svenneprøva som elevar. Dei har derfor rett til skyss som andre elevar.”

. (Ot prp nr. 46, utdrag merknad til § 7-2)

4.2 Elevar ved teknisk fagskole

Kommentar

Elevar ved tekniske fagskular har status som studentar.

"Opplæringslova § 7 gir inga rett til skyss for elevar ved dei tekniske fagskolane."
(Utdrag brev frå Kunnskapsdepartementet datert 18. januar 2001)

4.3 Hospitantar

Kommentar

I einskilde tilfelle kan ungdomsskolar og rehabiliteringsteam eller behandling sinstitusjonar inngå avtale med foreldre og elev om hospitering i ett år før vidaregåande opplæring startar opp. Sjølv om eleven har fullført grunnskole, blir opphaldet i skolemiljøet (vg skole) sett på som rehabilitering og ikkje opplæring. Fylkeskommunen har ikkje ansvar for skyss.

4.4 Vaksne som får opplæring etter Opplæringslova § 4A-3

Kommentar

Utdrag Opplæringslova § 4A-3:

"Vaksne som har fullført grunnskolen eller tilsvarande, men som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, har rett til vidaregåande opplæring. Første punktum gjeld vaksne fødte før 1. januar 1978."

Utdrag Opplæringslova § 4A-7 vedrørande skyss:

"Vaksne som ikkje har fullført grunnskolen, og som bur meir enn 4 kilometer frå skolen, har rett til gratis skyss når dei får grunnskoleopplæring etter dette kapitlet."

Skyssretten for vaksne som får opplæring etter Opplæringslova § 4A er avgrensa til grunnskole. Vaksne som får vidaregåande opplæring etter Opplæringslova § 4A-3 har ikkje rett til skyss. Vaksne som følgjer vidaregåande opplæring etter Opplæringslova § 3-1 (ordinært inntak) har skyssrett som andre elevar.

5. Elevar ved kompetansesenter

- 5.1 Elevar som får vidaregåande opplæring ved kompetansesenter utanfor Møre og Romsdal, og som må bu borte frå sine føresette, kan få dekt inntil 6 heimreiser i skoleåret. Reisa skal skje på rimeligaste måte. Reiser til/frå ved skolestart/skoleslutt inngår ikkje i desse heimreisene.
- 5.2 Elevar som får vidaregåande opplæring ved Tøndergård skole, Molde, og som bur på internatet, får dekt heimreiser i helger når internatet er stengt. Reisa skal skje på rimelegaste måte.

Kommentar 5.1 og 5.2

Etter Opplæringslova § 13-4 kan departementet utarbeide forskrift om heimreiser. Det er ikkje utarbeidd slik forskrift. Fylkeskommunen har såleis ikkje ei plikt til å dekkje heimreiser, då heimreiser er å sjå som private reiser og ikkje skoleskyss. Dette skyssreglementet bygger på ein praksis for funksjonshemma elevar busett på internat. Praksisen gjeld berre skolar nemnd i reglementet (Kompetansesenter, Tøndergård skole).

6 Skysstandard, gangavstand, reise- og ventetid

- 6.1 Skoleskyssen blir utført med rutegående transportmiddel, med mindre elevar treng tilrettelagt skyss eller får tilbud om anna skyss/skyssgodtgjersle. Skyss kan samordnast mellom vidaregåande skolar eller mellom vidaregåande skolar og grunnskolar.

Ved utplassering reiser elevar med rutegående transportmiddel dersom det er mogleg innanfor reglane av skyssreglementet punkt 7.

Kommentar

Skoleskyss er i utgangspunktet ein del av det ordinære rutegående transporttilbodet. Samordning av skoleskyss skjer for å få rasjonelle skyssopplegg.

- 6.2 Elevar som har rett til skyss, kan ha ein gangavstand til/frå påstigingsstad på inntil 3 km

Kommentar

Er skolevegen meir enn 6 km, blir skyssrett utløyst. Skyssretten gjeld likevel ikkje "dør til dør". Ved utløyst skyssrett, kan det krevjast ein gangavstand fram til haldeplass. For elevar i vidaregåande skole, blir det praktisert ein gangavstand på inntil 3 km.

- 6.3 Det er ikkje fastsett maksimal dagleg reisetid.

Kommentar

Fylkeskommunen har opna for fritt skoleval i vidaregåande skole. Fritt skoleval kan gje auka reisetid då fylkeskommunen ikkje kan "styre" skoleval for å redusere reisetid og avstand mellom bustad - skole.

- 6.4 Samla dagleg ventetid ved bruk av rutegående transportmiddel er inntil 120 minutt.. Som ventetid reknast ventetid mellom korresponderande rutegående transportmiddel og/eller ventetid ved skolens start/sluttid. Berre ventetid undervegs på korresponderande ruter som overstig 10 minutt reknast med som ventetid. Ventetid ved skoleslutt før kl 1300 reknast ikkje med.

7 Skyssgodtgjersle

- 7.1 Elevar med rett til skyss, får skyssgodtgjersle dersom dei ikkje får tilbud om skyss i tilfelle:

- a) det ikkje er tilgjengeleg rutetilbod på den aktuelle reisestrekninga
- b) avstanden på delstrekning mellom bustad/opplæringsstad og transportmiddel eller mellom aktuelle transportmiddel overstig maksimal gangavstand på 3 km
- c) dagleg samla ventetid ved bruk av rutegående transportmiddel overstig 120 minutt

- 7.2 Skyssgodtgjersle blir gitt i medhald av forskrift til Opplæringslova (Kunnskapsdepartementet forskrift 23. juni 2003, nr 724, § 10-2)

Ved bruk av privat kjøretøy, skal skysskostnadene bli dekte etter satsane for dekning av utgifter ved reise for undersøking og behandling, jfr forskrift 19. desember nr 1756.. Eventuelle naudsynte kostnader som er større enn det satsen dekkjer, må dokumenterast. Kostnader utover det som satsen dekkjer vil t.d. vere betaling av ferjebillett og bompengar.

Satsen ved bruk av privat kjøretøy er pr 1. januar 2008 kr 1,80 pr km. I tillegg kr 0,25 pr km for kvar passasjer/elev utover førar.

Kommentar punkt 7

Skyssgodtgjersle er aktuelt ved utplassering.

Ruteselskapet kan avtale bruk av skyssgodtgjersle som alternativ til å opprette skyss.

Eleven/foreldra har eit medansvar for at spørsmålet om val av transportmiddel blir avklart i rimeleg tid før skolestart.

8. Administrasjon. Utføring av skyss

Samferdselsdirektøren har ansvaret for organiseringa av skoleskyssen. Administrering av skoleskyssen skjer i samråd med utdanningsavdelinga/den einskilde vidaregåande skole. Samferdselsdirektøren kan gje nærare retningslinjer om administreringa av skoleskyssen.

Kvar vidaregåande skole har ein skyssansvarleg. Skyssansvarleg har delegert mynde frå samferdselsdirektøren, og har den daglege kontakten med ruteselskapet. Skyssansvarleg bistår med å innhente erklæring frå lege/sakkunnig i saker der slik erklæring skal nyttast.

- 8.1 Vedtak/Innmelding av skyss til ruteselskapet skjer på den form/det format fylkeskommunen fastsett. Vedtak/innmelding er grunnlaget for ruteselskapet til å utføre skyss. Innmelding skjer i så god tid som mogleg før skolestart. Hovudinntaket er normalt i byrjinga av juli med frist 20. juli for elevane til å akseptere plass. Elevar med skyssrett som har fått skoleplass før hovudinntak skal meldast inn når skoleplassen er klar.

Skyssansvarleg/skolen etter delegert mynde:

- Vedtak/innmelding av skyss for elevar som har rett til skyss etter opplæringslova § 7-2.
- Vedtak/innmelding av skyss for elevar som treng skyss ved utplassering
- Vedtak/innmelding av skyss for elevar med mellombels funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom i inntil 8 veker, som har rett til skyss etter opplæringslova §§ 7-3, 7-4. Gjenpart til samferdselsdirektøren.

Samferdselsdirektøren med gjenpart til skolen:

- Vedtak/innmelding av skyss for elevar med varig funksjonshemming som har rett til skyss etter opplæringslova §§ 7-3, 7-4
- Vedtak/innmelding av skyss for elevar med mellombels funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom i meir enn 8 veker, som har rett til skyss etter opplæringslova §§ 7-3, 7-4,

Kommentar

Skyssansvarleg/skolen skal i god tid før skoleåret tek til gje melding om trongen/endingar i trongen for skoleskyss. Opplæringsstaden skal og informere elevane om skyssreglementet.

Om elevar flyttar/sluttar skal skyssansvarleg/skolen gje melding til ruteselskapet.

- 8.2 Ruteselskapet har - etter avtale med fylkeskommunen og i medhald av vedtak/innmeldt skyssbehov - ansvaret for å utføre skoleskyssen, dersom ikkje anna er bestemt av fylkeskommunen. Skoleskyss kan samordnast mellom vidaregåande skolar og mellom grunnskole og vidaregåande skole. Skoleskyss blir primært utført med ordinært rutegående transportmiddel, med mindre eleven treng tilrettelagt transport. Også tilrettelagt skyss bør samordnast for fleire elevar med mindre eleven treng å skyssast åleine på bakgrunn av tilråding frå lege/sakkunnig.

Dersom ein elev har rett til fylkeskommunal skyss, og det ikkje er tilgjengeleg rutetilbod på den aktuelle reisestrekninga, kan ruteselskapet gjere avtale om bruk av undertransportør (foreldrekyring/skyssgodtgjersle, drosje e.l.)

- 8.3 Ruteselskapet har, i dei tilfella der det blir sett på som naudsynt, ansvaret for å skrive ut skysskort til elevane. Dette gjeld og ved trong for skysskort ved reiser til/frå utplasseringsstad.

Melding om tapte eller øydelagde skoleskysskort skal gå gjennom den einskilde skole til ruteselskapet som skriv ut nytt kort. Ruteselskapet kan då ta eit gebyr tilsvarende kostnadene med å skrive ut nytt kort.

Kommentar

Elevane skal ha eigne skysskort, dersom ikkje skolen og rutebilsselskapet har avtalt noko anna. Korta blir skrivne ut av ruteselskapet på grunnlag av innmelding/liste. Dei ferdige korta blir sendt til skolen som deler korta ut til elevane. Skysskortet sin funksjon er å legitimere retten til skoleskyss.

Elevar ved tekniske og almenne fag (TAF elevar) har utvida skoleår (1. og 2. skoleår), der utplassering i bedrift inngår. Skysskort gjeld ved utvida skoleår for TAF elevar og skolen må opplyse om dette overfor ruteselskapet.

Skoleskysskort skal ikkje nyttast på ferie - og fridagar.

- 8.4 Dersom ein elev for ei periode er blitt bortvist frå skoleskyssen, er ikkje fylkeskommunen ansvarleg for å skipe anna skyss i denne perioden.

- 8.5 Bortvising frå skoleskyssen.

Kommentar

Det er ikkje høve til å ta med i skyssreglementet noko form for straff eller sanksjonar mot elevar som viser uakseptabel åtferd under skyss til/frå skolen. Ønsker skolen å regulere åtferda til elevane under skoleskyssen kan det vere praktisk å ta inn reglar om elevåtferd i skolereglementet. Opplæringslova gir i § 3-7 heimel til å gi forskrifter om ordensreglementet for vidaregåande skole. Ein finn i følgje Statens Utdanningskontor i Møre og Romsdal omfattande støtte i forarbeida for at skolereglementet også kan gjelde under skoleskyssen.

9 Klage

Klage på einskildvedtak om rett til skoleskyss blir å sende samferdselsdirektøren. Klager som ikkje vert tatt til følgje vert avgjort av fylkeskommunen sitt klageorgan.

10 Endringar i skyssreglementet

Samferdselsutvalet kan vedta endringar i reglementet. Endringar som får større økonomiske eller prinsipielle konsekvensar for fylkeskommunen, skal leggast fram for fylkesutvalet/fylkestinget.

Samferdselsdirektøren kan ved særskilte høve gjere unntak frå reglementet.

